

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 29.04.2020

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

<b>PROTOKOLL TIL MØTE NR. 08 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021</b>
--

**Stad:** Teams-møte (web-møte)

**Tidspunkt:** Onsdag 29. april 2020, kl. 20.00-21.00

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 70 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 71 19-21 Finansiering av adm.sjef stilling**

**SAK 72 19-21 Teamavtale Regionlag Vest**

**EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Finn Årdal, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Tor Arne Hov, Jan Inge Årdal og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Hallvard Nygård

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER**

**SAK 70 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 71 19-21 Finansiering av adm.sjef stilling**

**Bakgrunn**

Adm.sjef har vore permittert 100% frå stillinga si i Norges Skiforbund frå 30. mars 2020, og med endring av permittering til 80% frå 22. april 2020.

Arbeidsgjevar har p.t. utfordring med å finansiere adm.sjef stillingane i kretsane.

Styreleiar orienterte frå møte kretsleiarane hadde med skipresident og adm. i NSF 28.04.2020:

- Kvar krets må gå inn med midlar for å dekke 20% stilling av adm.sjef fram t.o.m juni 2020. Grunnbeløp på kr. 15 000,- + 0,5% av egenkapital pr. 31.12.2018.
- I juli måned tek adm.sjef ut ferie og feriepengar dekkar denne månaden.
- Det kan vere ein liten moglegheit for å få auka opp stillinga om NSF kjem betre inn under støtteordningar frå staten.
- Skipresidenten var veldig klar på at alle adm.sjefar skal inn igjen i 100% stilling frå 1. aug. 2020, og at dette er dekning for i siste budsjett frå NSF.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å bruke kr. 20 246,- av EK til skikrinsen (EK til AU) som skal nyttast til å dekke 20% stilling av adm.sjef fram til utgangen av juni.

Vidare gjer Skikrinsstyret vedtak om å bruke av EK (AU) for å finansiere 20% auke for å auke stillinga til adm.sjef opp til 40% frå så snart som råd og fram til utgangen av juni. Styreleiar følgjer opp med adm. i NSF.

Styret ser det som heilt nødvendig at adm.sjef kjem inn igjen i meir enn 20% stilling for å kunne ta unna kritiske arbeidsoppgåver fram til sommaren.

#### **SAK 72 19-21**

#### **Teamavtale Regionlag Vest**

##### **Bakgrunn**

Agder og Rogaland Skikrets, Hordaland Skikrets og Sogn og Fjordane Skikrins inngjekk i 2015 eit samarbeid om Team Veidekke Vest (TVV).

Veidekke gjekk ut som sponsor etter sesongen 2019-2020, og teamet har no namnet Regionlag Vest.

Regionlag Vest er eit treningsfellesskap der partane skal samarbeide om ein felles spissa satsing for dei aller beste senior langrennsløparane i regionen. Regionlag Vest har som mål å utvikle løparar til landslagsnivå og vere eitt av Norges Skiforbund (NSF) sine viktigaste rekrutteringsmiljø.

LK-leiar er SFSK sin representant i styringsgruppa.

Vedlagt framlegg til ny samarbeidsavtale 01.05.2020-30.04.2021.

Avtalen forpliktar alle parter økonomisk og juridisk.

Kvar av partane stiller kr 100.000 som garanti for laget si drift. Dette beløpet fakturerast ikkje utan særskilt vedtak i styringsgruppa. Garantibeløpet er ein «siste utveg». Andre aktuelle finansieringsmåtar skal prioriterast.



Det er AU som i tidlegare har stilt garantibeløpet til disposisjon gjennom eige budsjett, jf. vedtak sak 108 13-15 i Skikrinsstyret.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Sogn og Fjordane Skikrins garanterer for kr. 100 000,- i Regionlag Vest.

Føresetnaden er at respektive kretsar garanterer for tilsvarende beløp.

Det er AU som stiller garantibeløpet til disposisjon gjennom eige budsjett.

### **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)  
Styreleiar

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef